

Geirmund Dvergsdal, Margrethe Eikrem Aarset og  
Finn Ove Båtevik

Rapport nr. 39

**Regional attraktivitet –  
kartlegging av brukarerfaringar**



<b>Tittel</b>	Regional attraktivitet – kartlegging av brukarerfaringar
<b>Forfattarar</b>	Geirmund Dvergsdal, Margrethe Eikrem Aarset og Finn Ove Båtevik
<b>Prosjektleiar</b>	Geirmund Dvergsdal
<b>Rapport nr.</b>	39/2013
<b>Sider</b>	73
<b>Prosjektnummer</b>	17172
<b>Prosjekttittel</b>	Regional attraktivitet – kartlegging av brukarerfaringar
<b>Oppdragsgivarar</b>	Kommunane Skodje, Ørskog, Ålesund, Haram, Giske og Sula
<b>Ansvarleg utgivar</b>	Møreforskning Volda
<b>ISBN</b>	978-82-7692-327-8
<b>ISSN</b>	1891-5981
<b>Distribusjon</b>	Open <a href="http://www.moreforsk.no/default.aspx?menu=1009">http://www.moreforsk.no/default.aspx?menu=1009</a> <a href="http://www.hivolda.no/fou">http://www.hivolda.no/fou</a>
<b>Nøkkelord</b>	Arbeidsmarknad, busetjing, nettverk, møteplassar, kompetanse og integrering

Rapporten «Regional attraktivitet – kartlegging av brukarerfaringar» oppsummerer erfaringar ei utvald brukargruppe av tilflyttarar har gjort i samband med flytting til Sunnmøre. Med bakgrunn i desse erfaringane blir utfordringane og mulegheitene i dei deltakande kommunane presenterte, og kva som er dei viktigaste områda å jobbe felles på i regionen.

Kommunane kan påverke ein del av dei faktorane som gjer regionen attraktiv, men ikkje alle. Kommunal planlegging påverkar samfunnsutviklinga, og planlegging blir påverka av borgarane.

© Forfattarar/Møreforskning Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Møreforskning Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.



## Forord

Prosjektet «Regional attraktivitet- kartlegging av brukarerfaringar» har samla brukarerfaringar frå ei gruppe personar som den seinare tida har flytta til regionen enten på grunn av jobb eller studiar. Vi har spurt kva erfaringar dei har gjort seg, kva slags utfordringar og fordelar dei opplever med å bu, leve og arbeide i regionen, og kva tiltak dei meiner kan vere med på å gjere kommunen og regionen meir attraktiv.

Prosjektet er gjennomført på oppdrag for kommunane Skodje, Ørskog, Haram, Ålesund, Giske og Sula.

Takk til alle som har delteke på dei kommunale arbeidsmøta og til dei tilsette i kommunane som har vore med på å skaffe informantar og lagt til rette for samlingane. Takk også til oppdragsgjevar for oppdraget og for godt samarbeid gjennom prosjektet!

Volda, 15. mai 2013

Geirmund Dvergsdal (prosjektleder)

Margrethe Eikrem Aarset

Finn Ove Båtevik

## Innholdsliste

Forord .....	5
Figurliste .....	7
Regional attraktivitet - kartlegging av brukarerfaringar .....	8
Bakgrunn .....	8
Bu og leve på Sunnmøre.....	8
Metodisk opplegg.....	9
Regionale fokusområde.....	10
Korleis bli meir attraktiv som region – ei oppsummering .....	10
Ein presentasjon – kommune for kommune.....	12
Ørskog kommune .....	12
Haram kommune.....	13
Skodje kommune.....	15
Sula kommune.....	16
Giske kommune.....	17
Ålesund kommune .....	18
Studentar ved Høgskulen i Ålesund .....	20
Spørjeundersøking om korleis det er å bu og leve på Sunnmøre .....	22
God infrastruktur men dårleg kollektivtilbod.....	22
Bustadmarknaden .....	23
Kulturtilbodet i regionen og kommunane .....	24
Døme på konkrete tiltak for å bli meir attraktiv som region .....	25
Brukarerfaringar – Oppsummering frå samlingane i kommunane .....	26

## Figurliste

Figur 1 Fordeling av deltakarane i den individuelle spørjeundersøkinga. Prosent. (N=70) .....	10
Figur 2 Vurderingar av kor godt det er tilrettelagt for organiserte fritidstilbod og friluftaktivitetar. Prosent.....	22
Figur 3 Vurdering av lokal og regional infrastruktur og kollektivtilbod. Prosent .....	23
Figur 4 Vurdering av tilgang på bustadar, informasjon og sakshandsamingstid. Prosent .....	24
Figur 5 Vurdering av det kommunale og regionale kulturtilbodet for barn og vaksne. Prosent .....	24

## Regional attraktivitet - kartlegging av brukarerfaringar

### Bakgrunn

Kommunane Ørskog, Skodje, Ålesund, Giske, Haram og Sula har bedt Møreforskning om å gjennomføre ei brukarkartlegging basert på utvalde brukargrupper i dei seks kommunane.

Dei seks kommunane har innleia eit interkommunalt plansamarbeid, og gjennom eit felles utviklingsprosjekt ynskjer dei å finne fram til dei viktigaste faktorane for å utvikle ein mest mogleg attraktiv bu- og arbeidsmarknadsregion innanfor dei områda kommunane har ansvar for. Prosjektet har også som mål å finne fram til område kommunane kan oppnå fordelar av å samarbeide og samhandle på.

Tanken bak dette prosjektet er å gjere regionen meir attraktiv for dei som bur her og for nye som måtte ynskje å flytte hit og bidra til å utvikle Sunnmøre som ein berekraftig bu- og arbeidsmarknadsregion.

Naturlege spørsmål å stille seg er kva som gjer regionen attraktiv, og for kven? Kva slags forventningar har dei som flyttar til regionen, og korleis blir dei oppfylt? Korleis kan regionen bli meir attraktiv slik at dei som bur her vel å bli buande, at dei som flyttar hit frå andre deler av fylket og landet, eller utlandet ikkje flyttar vidare?

Kommunane kan påverke ein del av dei faktorane som gjer regionen attraktiv, men ikkje alle. Kommunal planlegging påverkar samfunnsutviklinga, og planlegging blir påverka av borgarane. Optimal planlegging vil vere å legge til rette for både samfunnet sine kollektive interesser og innbyggjarane sine meir spesifikke interesser på ein måte som balanserer ynskja best mogleg

### Bu og leve på Sunnmøre

Som elles i distrikts-Noreg har eigenrekruttering vore viktig for tilgang på nye innbyggjarar på Sunnmøre. Samtidig er alle regionar avhengig av tilflyttarar for å erstatte dei som reiser ut og etablerer seg andre stader. Folk kjem til Sunnmøre både for å ta utdanning, for å arbeide, for å slå seg saman med ein sunnmøring eller andre som alt bur her frå før eller fordi dei opplever at regionen har andre kvalitetar som dei søker. Dette er ikkje noko nytt.

Samtidig veit vi at ein del forhold er i ferd med å endre seg. For det første er dei lokale ungdomskulla som er på veg ut på arbeidsmarknaden relativt små. Sjølv om det her vil vere forskjell mellom kommunane, der for eksempel Ålesund er i ein heilt annan situasjon enn mange av dei mindre kommunane, reduserer dette det regionale rekrutteringsgrunnlaget. Det er rett og slett færre sunnmøringar å ta av når jobbane skal fyllast framover. Det er lite som tilseier at dette kan løysast ved å prøve å halde på dei sunnmøringane som av ulike grunnar finn det attraktivt å flytte til andre delar av landet eller andre land. Alle regionar vil oppleve at kvart kull som veks opp, blir redusert gjennom fråflytting. Det vil alltid vere ein del som søker ut for kunne ta den rette utdanninga, få den spesielle jobben dei er ute etter, for å slå seg saman med brumunddølar eller andre utan røter i oppvekstregionen, eller som søker etter andre kvalitetar enn kva dei finn på Sunnmøre.

Med dette som bakteppe, vil vekstkrafta og utviklingspotensialet til regionen bli meir og meir avhengig av at ein kan få tilgang på nye innbyggjarar og ny arbeidskraft utanfrå. Dette gjeld ikkje minst når Sunnmøre er i ein situasjon der viktige delar av næringslivet er i vekst. Situasjonen dei siste åra har då også vore prega av at regionen får tilført nye innbyggjarar gjennom rekruttering utanfrå, ikkje minst i form arbeidsinnvandring. Fylkesstatistikken frå Møre og Romsdal viser at Haram, Ørskog og Ålesund alle hadde ei innvandrarbefolkning som låg klart over fylkesgjennomsnittet i 2011. Haram



låg også over landsgjennomsnittet. Giske, Sula og Skodje låg alle litt under gjennomsnittet for Møre og Romsdal.<sup>1</sup>

Spørsmålet blir då for det første kva som gjer det attraktivt for folk å kome til Møre og Romsdal og til kommunane på Sunnmøre. Eit minst like viktig spørsmål er kva som skal til for at både dei som har kome til regionen og dei som har valt å busette seg i eigen oppvekstregion, skal synest at det er attraktivt å bli verande. Dette er dei sentrale spørsmåla for den føreliggande rapporten, der vi ser på fordelar og utfordringar med det å bu og leve i Ålesund og i dei næraste omlandskommunane til den største av sunnmørsbyane.

Frå andre undersøkingar, veit vi at attraktiviteten til desse og andre kommunar i Møre og Romsdal, særleg ligg i det at mange søker noko anna enn det for eksempel hovudstaden kan tilby. I alle fall gjeld dette når ein skal rekruttere høgt utdanna arbeidskraft.<sup>2</sup> Det ligg for det første ein grad av det ein kan kalle «ei alternativ grunnhaldning» til grunn for mange av dei som ønskjer å bu i Møre og Romsdal, både i form av ein «storbyskepsis» og gjennom ei vektlegging av kvalitetar knytt til natur, friluftsliv og fritidsaktivitetar elles. Det ser ut til at dette ikkje berre gjeld dei med tilknytning til regionen, men også tilflyttarar både frå inn- og utland, får Tyskland eller Polen.

I tillegg til dette er det ein del næringar og bedrifter i regionen som blir opplevde som eit aktivum i seg sjølve. Dei blir opplevd som positive når dei som etablerer seg i regionen blir kjende med dei (problemet kan vere at dei er mindre kjende før ein kjem til regionen) og dei representerer ein kultur som mange opplever som positiv. I tillegg til den enkelte bedrift, er det også mange som opplever at det har vorte utvikla eit regionalt kompetansemiljø som blir opplevd som attraktivt.

Ut over desse momenta er det framleis slik at for mange er tilknytning til familie noko som er vesentleg for tilknytninga til regionen, også når det gjeld høgt utdanna arbeidskraft. Dei med lokal tilknytning vil framleis vere viktige, men samtidig må ein i stadig større grad kunne legge til rette for å kunne «vere lekker» for dei som kjem utanfrå.

### Metodisk opplegg

Vi har i dette prosjektet kartlagt kva dei som nyleg har etablert seg i området har av tankar og erfaringar i høve eigen kommune og til regionen. Både erfaringar dei har gjort seg (no-situasjonen) og tankar for framtida er kartlagt. Kartlegginga har basert seg på talspersonar som i hovudsak har etablert seg dei siste 1-5 åra i dei seks kommunane. Deltakarane har ikkje vore politisk aktive representantar, men ei blanding av representantar frå familiar med og utan barn og frå ulike næringar og sektorar med hovudvekt i aldersgruppa 20 – 35 år.


Det er ikkje muleg å fange opp alle brukarerfaringane innanfor ei realistisk praktisk og økonomisk ramme. Vi har difor valt ut fire hovudgrupper i denne kartlegginga:

- Innflyttarar (frå andre deler av landet utanfor Møre og Romsdal)
- Innvandrarar (frå land utanfor Norge)
- Lokale (frå regionen)
- Studentgruppe frå Høgskulen i Ålesund (som i seg sjølv også representerer dei tre gruppene)

---

<sup>1</sup> <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Fylkesstatistikk>

<sup>2</sup> Båtevik, F. O, Yttredal, E. R. og Hanche-Olsen, M (2013). Kompetanse for ei kunnskapsintensiv framtid. Kva gjer marine og maritime arbeidsplassar attraktive for høgt utdanna arbeidskraft? Volda: Møreforsking.



**Figur 1 Fordeling av deltakarane i den individuelle spørjeundersøkinga. Prosent. (N=70)**

I gruppa innvandrarar frå land utanom Norge har det vore deltakarar frå alle verdsdelar (Asia, Australia, Amerika, Europa).

Vi la opp til at utvalet i størst muleg grad skulle representere dei seks kommunane innanfor dei ulike gruppene, og at det skulle vere ei gruppe på 15 personar frå kvar kommune, i tillegg ei studentgruppe på 15 personar (5 frå andre deler av landet, 5 utanlandske og 5 lokale). Utvalet blir i den vidare oppsummeringa omtala som brukarar i tyding av å vere brukarar av kommunale og regionale tenester og sørvistilbod.

Det har vore gjennomført arbeidsmøter i kvar kommune på kveldstid (18 – 21) i tillegg til eit møte på Høgskulen i Ålesund (14 -17). Samlingane har vore gjennomført som ein kombinasjon av gruppearbeid/gruppediskusjonar der vi i tillegg har gjennomført ei individuell spørjeundersøking.

Målet med desse samlingane har vore å finne meir ut av korleis deltakarane har opplevd å flytte til og etablere seg i regionen, kva som fungerer bra, kva som ikkje fungerer, og kva tankar dei har om kva som må til for at kommunen og regionen skal bli meir attraktiv

Rekrutteringa av deltakarar har vore gjennomført av den enkelte kommune i samråd med Møreforskning. Dette fordi kommunane sit på nødvendig lokalkunnskap om målgruppa og nødvendige nettverk for å nå enklast ut til aktuelle deltakarar. Det har vore ein kontaktperson i kvar kommune. Det var litt ulikt kor lett det var å skaffe deltakarar i dei ulike kommunane, og det viste seg å vere vanskeleg å skaffe femten deltakarar slik målet var. Samla sett har 72 personar delteke på samlingane (70 har delteke i den individuelle spørjeundersøkinga). Av dei som har delteke i spørjeundersøkinga har 48,6 % vore kvinner og 51,4 % vore menn.

## Regionale fokusområde

### Korleis bli meir attraktiv som region – ei oppsummering

Vi vil her kort peike på nokre tiltak som vi meiner skil seg ut, både fordi dei er gjennomgåande i alle kommunane i større eller mindre grad, og fordi dei er muleg å gjennomføre.

Det første tiltaket vi vil trekkje fram, er å bli meir bevisste på å *utnytte dei naturgjevne føresetnadane* regionen og den enkelte kommune har. Kommunane må legge til rette for at det skal bli enklare og meir attraktivt å nytte seg av det Sunnmøre har mykje av; - fin og variert natur. Døme på dette kan

vere tilrettelegging av stiar både for gåing og sykling, betre informasjon, kart, og gjerne også der det ligg til rette for det, kople saman kommunane med ulike turstiar.

Det andre tiltaket vi ynskjer å fokusere på er å styrke *vertskapsrolla*, både til kommunen og til regionen. I ein region med stor innvandring, både frå inn- og utland, og der ein meir eller mindre kontinuerleg jaktar etter den rette kompetansen, bør ein bli meir bevisst på å ta i mot dei nye innbyggerane på ein måte som gjer at dei føler seg verdsette, og at dei føler at dei betyr ein forskjell. Brukarane har peika på mange ulike tiltak som omfattar både norske og utanlandske tilflyttarar. Det handlar om multikulturelle møteplassar, «velkomstpakkar» med meir. Vi registrerer også at det private næringslivet jamt over blir oppfatta å vere betre på dette området enn det offentlege. Mange av lokalsamfunna er også flinke til å ta imot og setje pris på dei nye innbyggerane, men det er den offentlege delen av kommunen som her har eit forbettringspotensiale.

Det tredje gjennomgåande tiltaket vi vil peike på, er å tilby meir av *det urbane livet*, den urbane tøtsjen som mange i dag har fått ein smak av gjennom studiar og arbeidsopphald i større byar og tettstadar. Sjølv om natur og friluftsliv er ein av dei store fordelane med å flytte hit og bu her, vil mange samstundes ha tilgang til det urbane livet. Ålesund som byen i regionen må her spele ei hovudrolle, medan omlandskommunane må støtte opp om og gjere det enklare for innbyggerane å kunne dyrke det urbane livet.

Det fjerde tiltaket handlar om *sentrumsutvikling*, om det å skape meir estetiske og funksjonelle sentrum. Ingen av kommunane får «godkjent» når det gjeld sentrumsområda. Dei er ikkje innbydande, der er ikkje møteplassar og dei er tomme for aktivitet utanom arbeidstid. Det blir vidare peika på manglande vedlikehald, lite vekt på «mjuke» verdiar (grøntområde, gågater etc.) som kan gjere sentrum meir attraktivt å opphalde seg i. Ålesund har også her eit ekstra «ansvar» som regionhovudstad. Dette er vidare eit område regionen vil kunne ha nytte av å tenkje samarbeid rundt, mellom anna gjennom kompetansebygging og utveksling av erfaringar med meir.

Det femte gjennomgåande tiltaket er å betre *kollektivtilbodet*. Dette er naturleg nok eit tiltak som krev lenger tid og ressursar for å løyse, det er også eit tiltak som må løysast i fellesskap i regionen. Eit betre kollektivtilbod vil kunne gjere regionen betre integrert som bu- og arbeidsmarknadsregion, og det vil gjere kvardagen enklare for brukarane i regionen. Eit betre kollektivtilbod vil også vere ein del av det å kunne tilby meir av det urbane livet som mange etterspør. I tillegg vil det kunne vere viktig for miljøet. Saman med dei naturgeevne føresetnadane for å nytte naturen, kan eit godt kollektivtilbod nyttast til å skape ein «grøn profil» på regionen.

Det sjette området handlar om *språkopplæring*. Problemet med at språkopplæringa skjer på bokmål i ein nynorskkommune, gjer at det mellom anna blir vankeleg for foreldre å følgje opp borna i skulesamanheng. Mangelfull språkopplæring forplantar seg difor inn i skulen. Mangel på integreringstiltak, dårleg språkopplæring samstundes som ein opplever at det kan vere vanskeleg å kome inn på arbeidsmarknaden på grunn av språkproblem, gjer at nokre slit med å finne seg til rette. Vi registrerer at det er eit samarbeid om språkopplæring mellom kommunane i dag, og at dette kan vere rasjonelt med tanke på å kunne ha eit stort nok fagmiljø. Difor vil det her mest vere snakk om å justere innhaldet og vurdere kvaliteten på tilbodet som eksisterer, for at det skal bli best muleg i samsvar med dei behova brukarane har.

Det siste felles punktet vi vil trekkje fram her, handlar om *marknadsføring og profilering* av regionen. Dei nye som flyttar inn opplever at kvalitetane med regionen ofte kjem dårleg fram. Den flotte naturen og dei gode fritidsmulegheitene regionen samla sett har, ein stor og spennande

arbeidsmarknad, ein flott by som sjølv med ein del manglar er spennande, - bør kome betre fram enn kva dei opplever det gjer. By og omland har komplementære kvalitetar som bør profilerast betre. Den enkelte kommune og regionen i fellesskap bør difor ha meir fokus på dette og samstundes bli flinkare til å få fram det positive som skjer lokalt og regionalt. Meir bevisst marknadsføring og profilering vil også kunne bidra til å skape sterkare kjensle av tilhøyring og stoltheit til regionen.

## Ein presentasjon – kommune for kommune

Med bakgrunn i det som har kome fram på samlingane, har vi prøvt å lage ei kort oppsummering frå kvar kommune. I tillegg ligg det ved ei stikkordvis oppsummering som går meir i detalj på kva som kom fram i dei ulike kommunane lengst bak i dokumentet.

### Ørskog kommune

Ørskog er ein kommune med rundt to tusen innbyggjarar. Kommunen ligg i utkanten av regionen. Kommunen er liten, der er trygge og gode oppvekstmiljø og brukarane opplever at den ligg sentralt til. Innbyggjarane har tilgang til ein større arbeidsmarknadsregion der dei kan pendle både til Ålesund og til Molde, og også til andre av kommunane i regionen.

Kommunen har ikkje sjølv noko stort, utprega næringsliv, og framstår dermed kanskje først og fremst som ein bu -kommune. Tradisjonelt har primærnæringane jordbruk, skogbruk og fjordfiske gitt levebrød og vore næringsgrunnlaget i Ørskog. Også i dag representerer desse næringane utgangspunkt for ein del årsverk i kommunen.

Ørskog ligg landleg til og der er eit svært godt utgangspunkt for allsidig friluftsliv og bruk av naturen i kommunen. Ørskogfjellet er eitt av dei store utfersområda for friluftsliv på Sunnmøre både sommar og vinter. Brukarane opplever vidare at dei har tilgang på fleire gode kulturtilbod. Dette er noko å bygge vidare på. Likevel er det verd å merke seg at kulturtilbod som ikkje gjeld sport, er etterspurd. Det kan sjå ut som det særleg er ressurssterke kvinner som etterspør aktivitetar som kunstskeule, musikkskule og liknande til borna sine.

Sentrumskjernen i ein kommune er svært viktig. Det er der dei fleste av dei viktige funksjonane i kommunen fysisk er plassert, og der ligg handel- og sørvistilboda. Ørskog sentrum er i praksis kløyvd på midten av riksvegen. Brukarane gir tydeleg uttrykk for at dei ønskjer å vere stolte av kommunen og heimstaden sin. Slik brukarane oppfattar sentrum i dag, er det verken særleg estetisk fint eller funksjonelt. Det at riksvegtrafikken, med E39, går tvers gjennom sentrum gjer ikkje situasjonen betre. Brukargruppa etterlyser i forlenginga av dette også tiltak for mjuke trafikantar.

Signal som kjem fram frå brukarane er vidare at Ørskog ikkje har nok attraktive bustadtomter. Det vert likevel oppfatta som økonomisk overkomeleg å etablere seg der, då tomtene er relativt rimelege. Mindre attraktivt er det når brukarane opplever at det er tungvint og lite tilrettelagt for unge i etableringsfasen. Dette kan gå på fleire ting, til dømes at kommunale tenester er lite tilgjengelege. Fleire nemner at opningstidene i barnehagar og SFO ikkje korresponderer med folk sine arbeidstider og pendlingsmulighetene inn og ut av kommunen. Sjølv om kommunen på heimesida si reklamerer med at kommunen har full barnehagedekning, vert opningstidene opplevd som vanskelege.

Når brukarane opplever at kommunen ikkje har opne barnehagar så folk får høve til å pendle til jobb, og i tillegg oppfattar det slik at kommunen ikkje prioriterer å bruke pengar på skular og nedslitne

skulebygg, vert dette tolka som signal om at barnefamiliar er kjekt å ha men ikkje noko kommunen prioriterer aktivt. Kommunen bør her vere særleg medviten på kva invitasjon dei sender ut.

Det vert etterlyst konkret satsing på omdømmebygging. Men då må ein først vite kva ein vil verte god på, altså velje kva omdømme ein vil skal verte fokusert på. Kommunen kan til dømes velje å ville vere ei god bukommune. Då må omdømmet byggast målretta kring dette. Konkrete tiltak vil då kunne vere å få eit triveleg sentrum, legge til rette for at folk skal kunne bu attraktivt der dei helst ønskjer og i det heile legge til rette for at nyttilflyttarar skal føle seg velkomne inn i kommunen.

Brukarane av kommunen peikar på at nyttilflyttarar bør verte aktivt integrerte. Gruppa kjem med fleire gode forslag, til dømes at ordføraren skal kome med ein blomster på trappa til dei som kjem til, informere og ønskje dei personleg velkomne til Ørskog. Eventuelt også ha ei kommunal fadderordning for tilflyttarar. Å kjenne seg raskt inkludert og som del av den sosiale fellesskapen i lokalsamfunnet ein kjem til, vert peika på som grunnleggande for å trivast. For unge i etableringsfasen vert det såleis fokusert på som viktig å ha sosiale møtestader der ein kan treffe jamaldra/likesinna. Dette gjeld lokalt, men kanskje i like stor grad er det ønskje om kollektivtilbod/alternative reisemåtar slik at ein lett kan gjere seg nytte av utelivstilboda også i Ålesundsområdet. Dette vert opplevd som mangelfullt i dag.

Slik det kan sjå ut vert ikkje Ørskog oppfatta verken som ein tydeleg bukommune eller som ein tydeleg næringslivskommune. Sjølv om kommunen ikkje nødvendigvis er så dårleg på nokon av desse to viktige områda, kan ein heller ikkje seie at dei er særleg gode. Det kan ikkje peikast på motvilje på noko vis, kanskje er det heller mangel på fokus. Det kan sjå ut som kommunen ikkje gjer noko aktivt for at nye etablerarar skal kome til kommunen, velje å busetje seg der og verte inkludert og føle seg velkomne i den kommunale storfamilien.

Dersom kommunen til dømes hadde klart å kombinere attraktive og rimelege bustadtomter, så hadde kommunen gjort noko aktivt for å vere synleg som ein god bukommune. Viss kommunen erkjenner at dei skal vere ein bukommune, satsar målretta og legg til rette for at folk skal kunne pendle inn og ut til dømes ved å sjå på opningstidene i barnehage og SFO, må ein vere tydeleg og gjere aktive grep på dette området. Kommunen må medverke direkte til at kvardagen til barnefamiliar skal gå opp. Dersom ein vil vere ein næringsvenleg kommune bør ein kommunisere dette tydeleg ut, legge til rette for dette og ha eit skikkeleg næringsutviklingsapparat. Møreforskning tenkjer at kommunen bør velje, fordi at i ein så liten kommune som Ørskog kan det vere vanskeleg å prioritere begge deler.

## Haram kommune

Haram kommune er mellom dei arealmessig største landkommunane i Møre og Romsdal og har rundt ni tusen innbyggjarar. Kommunen er også ein av dei viktigaste industrikommunane på Sunnmøre. Industrien er den viktigaste næringa i kommunen. Skipsbyggingsindustrien utgjer om lag halvparten av all sysselsetjing her. Bedriftene har heile verda som marknad. Det maritime miljøet i Haram er no så stort at det utgjer mykje av grunnlaget for busetjinga og aktiviteten i kommunen.

Haram kommune er såleis ein kommune både med mange arbeidsplassar og med mange arbeidsinnvandrarar. Brukarane opplever at jobbmarknaden er god, sjølv om han er noko einseitig. Arbeidsplassar for kvinner med høg kompetanse vert nemnt som døme på arbeidsplassar som er vanskeleg å finne i Haram. Likevel verkar det samla sett som folk føler dei har rimeleg god tilgang til jobb.

Små, oversiktlege og trygge forhold for born, og nærleik til familie, er viktige forhold som vert trekt fram for at ein vel å busetje seg i Haram kommune. I tillegg vert den fine naturen og høve til mykje og variert friluftsliv trekt fram. Nærleiken til havet vert sett på som eit stort gode i seg sjølv, - flott å både sjå og høyre på. Altså eit landleg preg i kystnatur, men likevel med mykje anna aktuelt innan rimeleg rekkevidd. Ein har kort avstand til dei viktigaste funksjonane i det daglege og ein har nærheit til flyplassen Ålesund lufthamn på Vigra. Dette gir kort veg til destinasjonar som Oslo og andre storbyar i Europa, noko som vert opplevd som ein klar fordel.

Eit av dei tydelegaste signala frå brukargruppa i Haram er manglande - eller for dårlege kollektivtilbod, der særleg koplingane mot Ålesund er for svake. Mange ser at Ålesund by har noko anna og meir å tilby enn dei har i Haram. Fleire føler at dei manglar utestader og sosiale møteplassar i Haram kommune. Ein av brukarane sa at det viktigaste for ein kommune er å få folk til å føle at dei høyrer til.

*«Ein må få folk til å føle at dei høyrer til. Viss ein føler at ein høyrer til - så trivast ein. Så enkelt er det.»* Innflyttar

Sidan ein god del av brukarane i kommunen er innflyttarar, er det mykje fokus på manglande arenaer der ein har høve til å verte kjende med kvarandre og dei andre innbyggjarane i kommunen. Det vert også peika på kulturelle aktivitetar og fritidstilbod som noko som er viktig for å få folk til å trivast på ein stad. Vidare vert det understreka kor viktig det er med tilgjengeleg og lettfatteleg informasjon om kva som skal skje av arrangement og aktivitetar av ulike slag, til dømes ved aktiv bruk av kommunen si heimeside.

Eit tema som er sentralt i Haram er språkopplæring. Ein stor del av brukarane vi møtte kjem frå andre land og andre verdsdeler. Også det at språkopplæringa er på bokmål, samstundes som kommunane her i hovudsak nyttar nynorsk, vert løfta fram som uheldig eller i det minste som ei utfordring.

Sjølv om innbyggjarane opplever at dei har bra tilgang på jobb, kan det verke som der er etter måten lite fokus på at folk skal trivast i Haram. Dei offentlege tenestene vert opplevd som mangelfulle både når det gjeld kvalitet og tilgang. Det kan sjå ut som her er noko å gripe tak i når det gjeld kommunale tenester. Desse vert opplevde som for lite orienterte ut mot publikum, dei er for lite koordinerte og for vanskelege å finne fram i, spesielt for innvandrarar og innflyttarar. Desse kjenner ein særleg trong for å få informasjon og innblikk i korleis det offentlege tenestesystemet fungerer. Unge etablerarar er vidare opptekne av at borna deira får kvalitativt gode tenester, særleg gjeld dette innanfor skule og barnehage.

Fokus i kommunen ser altså ut til å vere på arbeidsmarknaden. Ein familie har trong for at ulike andre funksjonar også er tilrettelagde. Haram kommune bør verte meir aktive og profilerte på felta der det er påpeika manglar i dag. Dette vil ein vere avhengig av for å få familiefolk til å flytte til bygda. Til Haram kjem mange folk fordi dei får ein jobb industrien i kommunen. Dei kjem ikkje først og fremst for å bu der. Då vert spørsmålet om ein skal slå seg til og etablere seg fort aktuelt, og då kan dei nemnde kommunale funksjonane vere avgjerande.

Det vert mellom anna nemnt at dersom kommunen ynskjer å vere ein attraktiv bukommune, vil det vere eit godt kort å kunne tilby ein variert bustadmarknad med ulike typar bustadar og attraktive tomter. I tillegg kjem det forslag om å legge til rette for at potensielle tilflyttarar kan prøvebu der før ein eventuelt vel å etablere seg permanent i kommunen. Referansebrukarane våre peikar vidare på

at sentrumsområdet i Brattvåg har eit stort forbettringspotensiale. Ein tanke kan vere å få næringslivet med på laget for å oppgradere og profilere både sentrum og kommunen elles. Industrien har midlar, og med kommunen som aktiv samarbeidspart burde det vere i begge si interesse å satse fram mot eit felles mål om at fleire vil setje bu i Haram kommune.

### Skodje kommune

Skodje er ein middels stor kommune som grensar til Ålesund i vest. Kommunen ligg i gunstig avstand til ein større arbeidsmarknad i regionen. Når ein bur i Skodje har ein eit godt utgangspunkt for å pendle både til Ålesund, Molde og andre omkringliggende kommunar. Skodje har i dag rundt fire tusen innbyggjarar, og ein etter måten stor prosent av desse er unge i etableringsfasen.

Fleire av brukarane opplyser at dei medvite har valt å bu i Skodje, framfor til dømes i Ålesund. Dette fordi dei prioriterer å bu landleg og i eit mindre, oversiktleg og trygt oppvekstmiljø. I tillegg er det økonomisk rimelegare å busetje seg i Skodje enn i byen Ålesund. Familie og vener er også viktig for mange når dei vel kvar dei skal busetje seg.

Brukargruppa vil gjerne halde på det som er karakteristisk og unikt og nisjeprega i kommunen sin. Det vert uttrykt eit ønskje om å kunne identifisere seg med kvalitetane på heimstaden sin. Fleire ønskjer at kommunane skal velje ut og satse på ei unik nisje som staden kan profilere seg på. Brukarane peikar på ein spesielt vakker og variert natur, og dei ønskjer å ta utgangspunkt i naturen og det som elles alt eksisterer i kommunen i satsinga vidare. Dette handlar både om å kunne bruke naturen aktivt, men også om at naturen inngår som ein viktig del av omgjevnadene og det ein kan kalle den regionale identiteten. Friluftsliv er noko som kan verte betre organisert og for mange også meir tilgjengeleg - både for nordmenn og utlendingar. Brukarane tenkjer at kommunen bør drive eit målbevisst arbeid for å fremje friluftsliv og naturglede. Kanskje kan kommunane samarbeide med frivillige organisasjonar på dette området? Ei slik satsing vil kunne auke tilknytning og identitet knytt til staden - og vere med på å fremje alternative verdier.

Folk ser ut til å søkje etter landleg idyll. Mellom anna er det mange framlegg om å bruke naturen som møtestad og sosial arena. Parkar, klatrejungel, grillplassar, bålplassar og liknande ser ein føre seg kan vere naturlege treffpunkt. Ønskje om å kunne ha ein alternativ livsstil og nærleik til natur blir trekt fram som viktige faktorar i eit trivselsperspektiv, døme kan også vere å ha ein kafe der ein serverer sunn mat, og ei systematisk satsing for å få ei meir miljøvenleg kommune.

Sosiale møtestadar vert i det heile trekt fram som eit viktig aktivum for at innbyggjarane skal trivast på ein stad. Her trengst haldningar og innsats frå kommunen si side. Kommunen bør vere bevisste si eiga rolle som vertskap og tilretteleggjar for sosiale møteplassar. Mangel på slike kan skape utfordringar spesielt for innbyggjarar som kjem frå andre delar av landet og frå utlandet. Brukarane etterlyser ein systematisk og inkluderande måte å møte nye innbyggjarar på. Sjølv om tilgang til by og verda elles er viktig, må ein ikkje gløyme kor viktig det er å bli kjende og føle seg heime i lokalmiljøet. Brukarane har fleire konkrete forslag til tiltak. Integreringstiltak der ein legg til rette for å samle folk rundt til dømes internasjonal og norsk underhaldning kan vere eit døme. Dersom ein i tillegg satsar på utandørs sosiale møteplassar burde dette kunne vere både økonomisk overkomeleg og samtidig gi stor vinst i form av trivsel og tilhøyrse til natur og stad.

På same tid som innbyggjarane bur landleg og naturnært, har dei i Skodje tilgang til dei spesielle kvalitetane og tilboda som ein by byr på innan rimeleg rekkevidde. Fleire direktefly til sentrale knutepunkt innanlands og utanlands er ikkje berre eit reiselivstilbod og tilbod til næringslivet. Det er også med på å gjere regionen meir attraktiv - spesielt for unge tilflyttarar som vil heim til familie og

vener, men også ut i verda for å oppleve denne. Flyplassen på Vigra vert i denne samanheng opplevd som viktig. Også det å bu nær byen Ålesund og kunne nyte godt av urbane gode som kulturtilbod og restaurantliv vert løfta fram som eit pluss av brukargruppa. Utan desse tilboda ville Skodje lett kunne vert opplevd som for liten – at der er for lite folk og for få kulturtilbod. Ålesund og flyplassen har ei viktig rolle for at mangelen på desse kvalitetane i kommunen ikkje vert avgjerande for om etablerarar vel å bu ute på bygda.

Mange som bur i Skodje må pendle til arbeidsmarknaden. Det er difor viktig at kommunen er med på å legge til rette for ei enkel handtering av kvardagen. Ei enklare kvardagshandtering tel mykje for dei aller fleste. For dei mange unge som er i ein etableringsfase, er det avgjerande at heimstaden legg opp til praktiske tilpassingar av kommunale tenester, der desse let seg kombinere med familie- og livssituasjon. Dette gjeld først og fremst gode og attraktive tomter og bustadar, og gode kommunale tenester. Unge vaksne er svært opptekne av kvalitativt gode tilbod til borna sine, dei ønskjer særleg satsing på kulturtilbod, barnehage, skule og skulefritidsordning, med tilbod og opningstider som gjer det muleg for småbarnsfamiliar å få kvardagen til å gå opp. Det vert vidare lagt vekt på at det må vere god tilgang på informasjon om desse og andre tilbod frå kommunen, betre enn i dag. Sidan mange av innbyggjarane i Skodje er avhengig av å pendle til jobb, er det vidare fleire av brukarane som ønskjer betre kollektivtilbod, særleg til Ålesund, Ørskog og Haram.

### Sula kommune

Sula ligg ei kort båtreise eller omlag ein halvtime med bil frå Ålesund sentrum. Sula er ein liten kommune i geografisk utstrekning (58 km<sup>2</sup>) men med eit folketal på litt over 8300 som gjer kommune til ein tett befolka kommune. Kommunen er eit viktig trafikk-knutepunkt i regionen. I dag er det bru- og båtsamband til Ålesund og ferje til nabokommunane Hareid og Ørsta.

Devold- fabrikk har vore ei hjørnesteinsbedrift i kommunen, i dag er det ikkje produksjonsaktivitet her, men framleis er der aktivitet knytt til handel /sørvis med meir. I kommunen er det framleis eit variert næringsliv knytt til marin, maritim og møbelindustri.

Sjølv om kommunen har ein variert arbeidsmarknad, er det mange som pendlar til Ålesund på jobb, men også i fritida. Kollektivtilbodet for buss/båt blir peika på å vere for dårleg, særleg gjeld det kveld og helg. Spesielt er det ynskje om fleire båtavgangar mellom Langevåg og Ålesund sentrum for å kunne delta meir på det som skjer i Ålesund.

Sula blir opplevd å ha mange jobbtillbod, det er lett å starte eiga bedrift, og det er rimeleg å etablere seg i Sula (lågare bustadprisar enn i Ålesund).

Det andre området som blir trekt fram, er kommunale tenester, både sjølve tenestene når det gjeld kapasitet og innhald, men også informasjon om tenestene. Døme er barnehageplassar, for få og for sjeldan inntak, opningstider med meir. I Sula blir høve til morsmålsopplæring trekt fram som ei utfordring, i tillegg til at opplæring skjer på bokmål medan kommunen er ein nynorskkommune. Andre område som blir trekt fram er NAV sine opningstider, lang behandlingstid i kommunen (eks byggesaker). Mangel på informasjon til dei som kjem til Sula, mangel på møteplassar, mangel på aktivitetstilbod for vaksne som kunne gjer det lettare å kople tilflyttarar med dei lokale er også døme på område som kjem tydeleg fram blant utfordringane i Sula.

Sjølv om det blir peika på ein del område innanfor kommunal tenesteproduksjon der det er rom for forbetring, blir det også trekt fram positive sider ved dei kommunale tenestene. Blant anna er det positivt med nye og moderne skular og gode helsetenester (helsestasjon, legekantor). Kommunen



blir opplevd å vere ein trygg og familievenleg kommune å bu i med lite kriminalitet, lite trafikk, trygge lokalmiljø der ein kjenner kvar andre. Det er kort veg til byen og kort veg til flyplassen som gjer det lett å kome seg ut i verda. Sjølv om kommunen blir opplevd som ein trygg og familievenleg kommune, er det er likevel rom for forbetringar for å gjere det enklare for dei som vil etablere seg i kommunen. Det handlar om tiltak som gjer at dei ny- etablerte føler at det betyr ein forskjell om dei kjem eller ikkje, og det handlar mest om enkle tiltak som går på informasjon, sørvis og enkle tilretteleggingstiltak.

Naturen med mange mulegheiter for friluftaktivitetar, eit bra kulturtilbod og det som skjer på Devold- fabrikk og etablering av fleire nisjebutikkar blir trekt fram som positivt og bidrar til å gjere Sula meir attraktiv.

Sula blir også opplevd å vere ein stad med god dugnadsånd og at det er enkelt å få til samarbeid om frivillig arbeid. Mange kultur/aktivitetstilbod som Suladagane, Sulaturen, Sulaposten, biblioteket og fleire andre ulike tilbod/aktivitetar blir peika på som noko av fordelane med å bu og leve i Sula.

Sjølv om Ålesund ligg nær og kan tilby eit visst urbant miljø, blir det å utvikle sentrumsområdet i Langevågen trekt fram som eit viktig tiltak. Skape eit meir urbant uttrykk, få til meir aktivitet og eit livlegare sentrum. Som ein del av dette blir det trekt fram det å legge til rette for fleire møteplassar der det skjer ting. Kulturhus, ungdomshus (eks. Dunken), barneteater, fleirkulturelle arrangement med meir. Betre og fleirspråkleg informasjon om ulike tilbod blir også peika på.

Ulike infrastrukturtiltak og betre kollektivtilbod er også tiltak som blir trekt fram. Her er det ein del store og tunge tiltak som ikkje verken det kommunale eller regionale nivået kan få gjort så mykje med, men det blir også peika på mindre og enklare tiltak som betre koordinert kollektivtilbod, fleire byggeklare tomter, sikrere skuleveg (gatelys) etc..

Vår oppfatning er at Sula har mange av fasilitetane som blir etterspurt. Geografisk ligg kommunen så nær Ålesund og «den store verda» at det er muleg å kombinere eit trygt og inkluderande lokalmiljø med ein urban tøtsj. Sjølv om arbeidsmarknaden lokalt er bra, og det er relativt lett tilgang til ein større og meir komplementær arbeidsmarknad regionalt, blir det etterlyst ein arbeidsmarknad lokalt med større kompetansebreidde. Nokre av desse kan vere å finne innan for offentleg sektor, men då bør det vere i form av heile stillingar for at desse skal vere attraktive. I tillegg vil eit godt fungerande kollektivtilbod, både til Moa- området og til Ålesund sentrum bety ein betre integrert arbeidsmarknad.

### **Giske kommune**

Giske er nabokommune til Ålesund, og opplever auka busetjing og etterspørsel etter bustadar. Fjerning av bompengar inn til Ålesund har naturleg nok gjort kommunen meir attraktiv som busettingskommune med relativt kort avstand inn til ein stor regional arbeidsmarknad.

Dei sterkaste signala om kva utfordringar Giske har, er knytt til kommunale tenester og kommunal tilrettelegging for etablering. Når det gjeld kommunale tenester handlar det både om innhald og informasjon. Informasjon ut til publikum om sørvistilbod, kulturtilbod og anna type nødvendig informasjon og informasjon på nett er spesielt trekt fram. I tillegg kjem det fram synspunkt som gjeld «uro» kring skulestrukturen som blir opplevd å vere slitande for dei som har etablert/vurderer å etablere seg i Giske. Barnehagetilbodet er også eit punkt på utfordringslista i kommunen

Giske blir opplevd å vere ein god og trygg plass med eit godt miljø. Mange hyggelege folk, små lokalsamfunn der det er tett kontakt mellom generasjonane blir opplevd å vere ein av fordelane med å bu i Giske. Naturen med mange og varierte turmulegheiter er ein fordel i Giske, i tillegg til at kommunen har mykje spennande historie å by på.

Kommunen har eit variert butilbod (for ulike livsfasar), og saman med gode barnehagar /SFO, engasjerte lærarar blir mange av «etableringsvariablane» trekt fram som fordelane med å bu i Giske. Det blir likevel trekt fram behov for eit større mangfald i bustadtilbodet i kommunen. Mellom anna blir det peika på at det er vanskeleg å få tak i sjølvbyggartomter, og at lokaliseringa av tomtetilboda ikkje er varierte nok. Nokre ynskjer å bu sentralt, andre ynskjer å bu meir landleg. Fleire rimelege og meir varierte bustadar som gjer det muleg og «prøvebu» i Giske er eit tiltak for å bli meir attraktiv. Tilgang til gjennomgangsbustadar blir også trekt fram som eit viktig tiltak.

Det same er tilfelle når det gjeld barnehagetilbodet, det er litt ulik oppfatning ( og til dels motstridane) om kva som er status. Nokre opplever at tilboda er gode medan andre saknar til dømes lengre opningstider. Det tyder på at nokre ikkje får dekkja sine behov for tenester.

Giske blir opplevd å ha få jobbmulegheiter, difor er pendling nødvendig. Difor blir også mulegheitene for å pendle viktig. Kollektivtilbodet er for dårleg, det tar for lang tid til byen, og det er mellom anna dårleg koordinert med skuletidene og med mange av arbeidsplassane.

Giske blir oppfatta å ha mange kvalitetar, men brukarane saknar marknadsføring av alt det positive som skjer. Difor er det å bli betre på å fortelje om dei kvalitetane ein har, om dei store og små positive hendingane, og gjerne profilere kommunen spesielt som bu-kommune eit av dei viktigaste tiltaka for å bli meir attraktiv. Noko som også kjem tydeleg fram i Giske, er å bli betre på å profilere seg overfor studentane i regionen, at Ålesund har eit attraktivt omland.

Det bur mange arbeidsinnvandrar i Giske, og behovet for møteplassar der ein kan møte andre i same situasjon vil gjere integreringa enklare. Dette bør vere møteplassar der ein også kan møte den norske kulturen og få betre innsikt i det norske samfunnet. Eit anna område som kjem klart fram i Giske, er språkopplæring for dei nye innbyggerane som treng det. For det første blir det opplevd som ei ulempe at det skjer i Ålesund, for det andre at det skjer på bokmål og ikkje på nynorsk som er kommunen sitt offisielle språk

Giske har mange fordelar som dei ny- etablerte blir tiltrekt av, men samstundes er det eit forbettringspotensiale når det gjeld å ha eit sterkare brukarfokus på tilrettelegging for busetting og marknadsføring av kommunen isne mange kvalitetar. Med ei geografisk gunstig plassering inn til ein stort regional arbeidsmarknad vil det vere viktig å satse meir på familiar i ulike livsfasar og bli endå tydelegare på å vere eit godt vertskap for nye innbyggerar.

### **Ålesund kommune**

Ålesund har ein spesiell posisjon i regionen som regionhovudstad og by for regionen. Dette gjer at Ålesund har spesielle utfordringar, men også mulegheiter i regionen. Ålesund blir peika på som midtpunktet i den maritime klynga, og har mellom anna gjennom NCE (Maritim Center of Expertise)mange arbeidsplassar for høgkompetent arbeidskraft. I tillegg er det mange tilsette innanfor handel og tenesteytande næringar og med sine 45 000 innbyggerar inneber dette at Ålesund er «navet» i Sunnmørssregionen og eit kompetansesentrum for store deler av næringslivet.

Bruskartlegginga avdekkar at mykje er bra, men at det også er rom for forbetringar i kommunen. Den peikar på konkrete tiltak som ein kan, eller bør, ta tak i for å styrke og utvikle Ålesund si urbane rolle i regionen. Sjølv om Ålesund sine urbane kvalitetar blir framheva av innbyggjarane i nabokommunane, er likevel dette eit av dei viktigaste punkta som dei som bur i Ålesund peikar på som dei største utfordringane for Ålesund. Sentrum er tomt for folk når butikkane stenger, det er eit dødt sentrum som har for få aktuelle møteplassar som gjer det attraktivt å opphalde seg der. Bilistane er sjefane i sentrum, og det er generelt dårlege vilkår for dei mjuke trafikantane.

Konsertane og arrangementa elles som blir arrangert i byen er bra, men det skjer for lite gjennom året. Det meste skjer i ein hektisk sommarsesong. Byen har ikkje eit presentabelt kinolokale, den manglar eit kulturhus i sentrum med ulike aktivitetar, og det er for dårleg informasjon om dei kulturtilboda som er.

Ålesund blir opplevd å ha ein attraktiv jobbmarknad, sjølv om det samstundes blir peika på at det gjerne kunne vore meir variert. Dei som har flytta til kommunen opplever å bli tekne godt i mot av næringslivet og lokalsamfunnet.

Med stor tilflyt av utanlandsk arbeidskraft, er behovet for møteplassar for innvandrarar som lettare kan møte andre i same situasjon og møteplassar for å møte norsk kultur og samfunnsliv, peika på som ei utfordring for Ålesund. Meir aktiv tilrettelegging for tilflyttarar, frå inn og utland, der mellom anna «startpakke» for tilflyttarar, multikulturelle møteplassar med meir er nokre av tiltaka. Det kan også virke som informasjonen om det som skjer er for dårleg, kanskje er det tiltak som eksisterer som ingen veit om?

Bustadmarknaden er eit anna punkt det vert fokusert på i byen, både at det er generelt dyrt å etablere seg, men også at det er dårleg tilgang på utleigebustadar. Sjølv om det er dyrt å etablere seg i Ålesund, blir det likevel opplevd å vere billegare enn i storbyane. Tiltak som å legge til rette for meir bustadar i sentrum, gjerne med variasjon i størrelse og kostnad, meir målretta tilrettelegging for studentar er noko av det som blir trekt fram.

Dårleg kollektivtilbod er ein av ulempene med å bu i Ålesund. Dårleg kollektivtilbod, spesielt på ettermiddag/kveld og i helgar og mot resten av regionen. Samstundes er dårleg tilrettelegging for gang/sykkelvegar ei ulempe i Ålesund. Nærleiken til ein større flyplass med bra tilbod spesielt ut av landet er ein fordel. Samstundes er tilbodet nordover trekt fram som ei ulempe med å bu her.

Det arkitektoniske særpreget blir opplevd som eit pluss, og byen med omland blir opplevd å vere ein trygg plass å etablere seg. Nærleiken til natur og gode friluftsmulegheiter nærmast uansett kor ein bur, er ein annan fordel med Ålesund.

Andre ting som er verdt å merke seg er at sunnmøringane blir oppfatta som joviale og eit folkeslag med godt lynne og lett å omgås, samstundes som dei er patriotiske.

Ålesund er viktig fordi den er by, ikkje fordi den er ein stor kommune. Dette må ein bygge vidare på og gjere meir ut av. Dei som bur rundt Ålesund, ser at der er det masse tilbod, der skjer det noko og der er det bra å vere. Dei som bur i Ålesund ser det ikkje slik. Dei ser at Ålesund er ein by der det kunne ha skjedd meir, der det kunne vore eit meir aktivt sentrum osv.. Dei som bur i Ålesund snakkar lite om omlandet, dei snakkar mest om byen sjølv om dei er avhengige av omlandet med sitt friluftstilbod. Omlandet blir nemnt i samband med kollektivtilbodet, men ikkje i forhold til å nytte omlandet direkte. Ålesund som by må bli meir urban, den må få meir liv og røre i sentrum, og «dei

mjuke verdiane» må få større plass. Panelet har mange konkrete forslag til korleis dette kan gjerast (sjå vedlagt detaljert oversikt).

Vår oppfatning er at Ålesund ikkje har tatt rolla si som by på alvor, verken for sine eigne innbyggjarar eller for innbyggjarane rundt. Samstundes som dei må ta rolla som by på alvor, må dei også ta resten av omlandkommunane på alvor på ein likeverdig måte. Den urbane tøtsjen som mange har behov for, enten dei har tilknytning eller ikkje til regionen, er viktig for å bli oppfatta og opplevd som attraktiv. Dei fleste som har vore «ute i verda», har fått ein smak av dette og ventar å finne dette også i Ålesund. At det er lett tilgang til urbane miljø ute i verda ved å ligge nær ein flyplass kompenserer til ein viss grad for det behovet folk har for urbane innputt.

### Studentar ved Høgskulen i Ålesund

Høgskulen i Ålesund har om lag 2000 studentar fordelt på biologiske fag, helsefag, maritime fag, teknologifag og økonomiske og administrative fag. Skulen rekrutterer naturleg nok flest studentar frå Møre og Romsdal (ca 70 %), 13 % frå Sogn og Fjordane og 11 % frå resten av landet. I tillegg har skulen studentar frå utlandet, hovudsakleg frå India, Kina og Brasil.

Av studentane ved høgskulen kjem 28 % frå Ålesund, 35 % frå dei andre kommunane på Sunnmøre og 8 % frå resten av Møre og Romsdal. Skulen er difor ein viktig regional institusjon for å bidra til regional kompetanse og attraktivitet, men også ein viktig arena for å rekruttere nye utanfrå.

Høgskulen er, saman med andre kompetansmiljø i Ålesund, ein viktig kompetansesarbeidsplass med sine om lag 200 tilsette. Dei ulike fagmiljøa ved høgskulen har god kontakt med næringslivet i regionen og samarbeider elles med NCE, Ålesund Kunnskapspark, Offshore Simulator Center (OSC), Møreforskning, kommunar og ulike statlege institusjonar.

For studentgruppa har regionen og Ålesund med mange av dei same utfordringane som for dei «kommunale» gruppene. Kollektivtilbodet blir peika på i mange samanhengar som ei stor utfordring, både når det gjeld omfang, koordinering og pris. Spesielt gjeld dette helg og kveld. Tilboda ut av byen og til omlandet blir trekt fram som spesielt dårleg.

På kulturfronten blir det også trekt fram ein del utfordringar som går på utbod, variasjon, standard og når det gjeld informasjon om tilboda. Døme på dette kan vere «ubrukeleg kino i sentrum», dårleg kulturtilbod for dei mellom 18 – 30, og dei som finst finn ein ikkje fram til», og dei saknar ein symjehall/badeland i sentrum. Sjølve byen Ålesund blir oppfatta å vere prega av mykje trafikk og parkeringsproblem, lite aktivitet (dødt sentrum), dårleg tilrettelagt for mjuke trafikkantar og mangel på informasjon (skilting) av tilbod etc..

Dei som kjem til Ålesund og treng ein stad å bu som student, opplever at det er lite tilgang til husvære å få leige/kjøpe, og prisane er høge. Rett nok blir det peika på at det avheng litt av kor sentralt ein ynskjer å bu, og kor «kresen» ein er på standard med meir. Men det generelle inntrykket er at det er for liten tilgang, og at der er stor mangel på studenthyblar. Eit tiltak er difor å legge til rette for meir bustadar, gjerne i sentrum, for å halde tritt med etterspørselen og dempe prisane. Bustadtilbodet bør også vere innretta mot dei som har familie, i tillegg til at det må vere tilgang til barnehageplassar for desse.

Ålesund med omland blir opplevd å ha gode vilkår for å dyrke natur- og fritidsinteressene. Her er mulegheiter for dei fleste, både sommar og vinter med stor breidde i moglege aktivitetar. Klimaet er bra, her er ein «snill» vinter og tidleg vår.

Høgskulen i Ålesund blir oppfatta som ein liten skule, og som student kjem ein inn i eit lite og intimt studentmiljø, noko som blir oppfatta som positivt. Det er lett å bygge nettverk, og det er eit godt tilbod om studentaktivitetar på skulen. Skulen har eit breitt spekter av studiar, men også unike tilbod som blir opplevd å vere etterspurt av næringslivet. Det gjer at ein som student føler seg verdsett og ettertrakta.

Studentane peikar på ein god arbeidsmarknad med mange potensielle arbeidsgjevarar, og at det er ei «kremmarinnstilling» og grynderkultur i lokalmiljøet der mange startar opp bedrifter. Dette er motiverande og blir trekt fram som ein klar fordel. Sjølv om jobbmarknaden blir oppfatta å vere god, blir det likevel peika på behov for større breidde i jobbtilbodet (meir enn maritimt). I tillegg vil endå meir satsing på høgare utdanning gjere regionen og byen meir attraktiv som studieplass, samstundes som koplingane mot næringslivet og lokalsamfunnet også kan utviklast meir.

Næringslivet tar godt imot studentane, stiller opp på ulike arrangement, oppgåver etc.. Saman med det studentane opplever som ein spennande jobbmarknad, spesielt innan for maritime næringar, er dette dei største fordelane studentane peikar på med å vere student ved høgskulen i Ålesund.


Studentane trekkjer fram det å blåse meir liv i bysentrum, fleire kulturtilbod for denne målgruppa, gjerne med eit kulturelt mangfald, og få på plass ein meir oppdatert informasjon om det som skjer som viktig. Lage sentrum attraktiv også for andre enn turistar, regulere på ein måte som gjer det enklare å skape aktivitet er eit anna døme på konkrete forslag frå gruppa.

Utbetring av transport- og kollektivsystemet, inkludert meir utbygging av gang- og sykkelstiane er eit viktig punkt også for studentane. I dette ligg det både betre rutenett lokalt/regionalt med buss/båt og fleire flyavgangar, spesielt innanlands.

## Spørjeundersøking om korleis det er å bu og leve på Sunnmøre

På slutten av kvart arbeidsmøte, gjennomførte vi ei enkel spørjeundersøking der deltakarane svarte på eit spørjeskjema om korleis dei opplever ulike tilbod i regionen. I komande avsnitt vil vi presentere dei viktigaste funna frå denne spørjeundersøkinga.

Fin natur med gode høve til å utøve eit aktivt friluftsliv, blir opplevd å vere ein av dei tydelegaste kvalitetane med Sunnmøre. Men dette er samstundes kanskje ein av dei mest «vanlege» kvalitetane ein har utanfor dei større by-regionane og urbane miljøa. Utfordringa er å omsetje denne kvaliteten til noko som kan bety forskjellen, som gjer at ein kan dra positive vekslar på dette regionale fortrinnet. Ofte handlar det om enkle tilretteleggingstiltak som kan vere med på å gjere tilgangen og bruken lettare. Merking av stiar, informasjon om kvar dei er, knyte saman stiar for betre tilgang til større område, sykkelstiar mellom bygder etc. og gjerne bruke naturen som møteplass med organiserte turar, aktivitetar med meir, kan vere gode tiltak. Vi har spurt brukargruppa (70 personar) om korleis dei vurderer tilrettelegging for organiserte fritidstilbod og korleis dei vurderer tilrettelegginga for friluftaktivitetar. I vurderinga av fritidstilbodet spør vi spesielt etter korleis dei opplever informasjon, anlegg etc., medan når det gjeld friluftaktivitetar handlar det mest om tilrettelegging av stiar, skiløyper med meir.




Figur 2 Vurderingar av kor godt det er tilrettelagt for organiserte fritidstilbod og friluftaktivitetar. Prosent

### God infrastruktur men dårleg kollektivtilbod

Nærleiken til ein relativt stor flyplass blir trekt fram i alle kommunane som ein stor fordel. Å kunne kome lett ut i verda, både i jobb og fritidssamanheng betyr mykje for opplevinga av attraktivitet. 63 % svarar at dette tilbodet er tilfredsstillande medan 34 % ser behov for endring. På dei kommunale samlingane kjem det fram at det er spesielt tilbodet nordover og til dels større tilbod innanlands generelt som blir etterlyst, medan tilbodet på utanlandsdestinasjonar er tilfredsstillande. Når det gjeld vegar i regionen er det først og fremst gang- og sykkelstiar det er mangel på, og meir enn 80 % av brukarane meiner det er behov for endring i sin kommune på dette området.

Elektronisk infrastruktur (breiband/fiber) med utgangspunkt i eigen bustad blir opplevd å vere godt. Om lag 66 % svarar at dette er tilfredsstillande.

Den største regionale utfordringa ser ut til å vere kollektivtilbodet. Både tilbodet internt i den enkelte kommune og mellom kommunane blir opplevd å vere for dårleg. Dette går både på omfang, spesielt helg og kveld og koordinering mellom buss/båt/ferje.




Figur 3 Vurdering av lokal og regional infrastruktur og kollektivtilbod. Prosent

### Bustadmarknaden

Tilgangen og variasjonen i butilbodet i regionen blir av mange peika på som ei utfordring. Når ein kjem inn eit nytt lokalmiljø, til dømes på grunn av jobb, vil ein gjerne ha høve til å bli betre kjend, både med arbeidsplassen, bumiljøet og regionen før ein tek standpunkt til om ein vil etablere seg. Difor er behovet for å kunne leige bustad av ulik størrelse, i ein tidleg fase, viktig for å rekruttere nye innbyggjarar til regionen. Men også etter at ein har tatt valet om å etablere seg, ser vi at mange peikar på behov for større breidde i tilbodet på bustadar og tomter.

På kommunesamlingane kjem det fram at ein ynskjer meir attraktive tomter, og ein ynskjer i større grad å kunne kjøpe tomter og stå for utbygginga sjølv. Det siste blir mellom anna trekt fram i Giske og i Skodje. Kva som er attraktive tomter vil vere ei subjektiv vurdering, men kanskje bør kommunen i større grad legge opp til å utnytte det høvet ein ofte har til å differensiere på størrelse, lokalisering og type (eiebustad/fleirmannsbustad) der dette er praktisk og økonomisk muleg. Informasjon om kva kommunane har av tilbod og kor lang tid det tek å få svar på søknadar er om lag halvparten av


brukarane nógde med. Her er det med andre ord også eit forbettingspotensiale. Når det gjeld å gi betre informasjon så er dette tiltak som bør kunne realiserast relativt enkelt. Kortare handsamingstid for byggesaker har naturleg nok samanheng med bemanningssituasjonen i kommunane og er både eit økonomisk og praktisk spørsmål som vil krevje lenger tid å løyse.



Figur 4 Vurdering av tilgang på bustadar, informasjon og sakshandsamingstid. Prosent

### Kulturtilbodet i regionen og kommunane

Mange i brukargruppa vurderer kulturtilbodet, både til barn og vaksne, til å kunne verte betre. Det blir trekt fram at det er bra tilbod i sommarhalvåret, men for dårleg elles. Mange av innvandrarane peikar på behovet for kulturtilbod der ein både kan møte andre innvandrar men også der ein kan utveksle kulturimpulsar mellom norske og utanlandske kulturar. For barn blir det oftast etterlyst alternative tilbod til idrettsaktivitetar. For dei som ikkje har slike interesser opplever ein at tilboda elles kunne vore betre. Det regionale tilbodet blir opplevd å vere betre enn det kommunale. Om dette skuldast at ein har betre kjennskap til det kommunale, eller at det skuldast andre forventningar til det kommunale er ikkje godt å seia.



Figur 5 Vurdering av det kommunale og regionale kulturtilbodet for barn og vaksne. Prosent



## Døme på konkrete tiltak for å bli meir attraktiv som region

Vi vil her peike på nokre konkrete tiltak som brukarane trekte fram som døme på korleis gjere regionen meir attraktiv. Sjølv om det har vore ulike tema som har vore vektlagt i kommunane, er det likevel nokre område som samla sett peikar seg ut. Vi har forsøkt å kategorisere tiltaka i temaområde. Vi presenter her nokre av dei viktigaste tiltaka for nokre temaområde:

### Omdømme

- Meir marknadsføring av positive hendingar (både internt og eksternt)
- Marknadsføring av naturen og legge til rette for meir aktiv bruk av denne
- Gjere folk stolte av å bu/ høyre til i kommunen og regionen
- Legge til rette for å gjere noko saman for å skape kjensle av samhold og å høyre til
- Sentrumsutvikling - gjere sentrum finare

### Integrering

- Fleire multikulturelle møteplassar
- «Velkomstpakke», velkomstkomité
- Språkopplæring på «kommunalt» språk

### Bustad

- Større variasjon i bustadtilbodet (storleik, eigarform, lokalisering) - gjennomgangsbustadar
- Legge spesielt til rette for bustad for ungdom

### Oppvekst

- Nok barnehageplassar og fleire inntak per år
- Opningstider i barnehage/SFO som høver for foreldre som pendlar
- Kvalitative gode skular og langsiktig plan for skulestruktur

### Informasjon/sørvis

- Betre informasjon om kommunale tenester (på nett og på telefon)
- Meir koordinert informasjon frå ulike etatar
- Betre informasjon om kultur- og fritidstilbod (kulturportal), arbeidsmarknad etc.
- Personleg kontaktperson for ny- tilflyttarar

### Kollektivtransport

- Betre koordinering mellom buss/båt/ferje
- Fleire avgangar, spesielt på helg og kveld (buss, båt, ferje)
- Reduserte prisar

### Andre infrastrukturtiltak

- Fleire gang- og sykkelstiar
- Fleire og betre tilrettelagde friluftstiltak
- Heving av vegstandarden
- Fleire avgangar og destinasjonar frå Vigra
- Togsamband til Ålesund

## Brukarerfaringar – Oppsummering frå samlingane i kommunane

Heilt til slutt presenterer vi notatane frå dei kommunale arbeidsmøta. Lesarane kan lese desse og eventuelt gjere seg opp egne refleksjonar rundt det som vart presentert på samlingane.

Ørskog						
Utfordringar	Fritid/omgjevnadar	Skule /oppvekst	Samferdsel/kommunikasjon	Arbeid /Næring/Bu	Kultur	Offentlege tilbod
	Stygt sentrum	Parkering barnehage (dårleg sikkerheit)	Dårleg tilrettelagt for mjuke trafikantar	Lite fokus på etterutdanning (offentleg sektor)	Dårlege fritidstilbod til barn (utanom sport)	Kortsiktig planlegging av utbygging skule/barnehage
	Lite park/grøntområde	Få barnehageplassar	Dårleg og dyrt kollektivtilbod	Manglar søndagsopne butikkar	Sjeldan kino	Manglar aktiv inkludering av nye innbyggjarar
	«Alle kjenner alle» - transparent miljø	Opningstidene i barnehage /SFO	Lite tilrettelegging for pendlarar	Utforminga av Sjøholt sentrum	Utilgjengeleg bibliotek	Manglar offentlege toalett
	Få sosiale møteplassar	Dårlege skulebygg	«Langt» heim fra Ålesund i helgene	Lite næringsliv (få arbeidsplassar)		

	Lite tilrettelagt for aktivitet i fjøra	Dårleg skuleskysstilbod for vidaregåande elevar	«Langt» mellom Sjøholt og Vaksvika	Berre daglegvarebutikkar		
			E 39 deler sentrum (av og påkøyring /kryssing av E 39)	Dårleg tilrettelegging for nyetablerarar		
				Lite tilbod på sentrale tomtar		
			Manglar nok gang- og sykkelveggar	Lite tilgang til eldrebustadar		

<b>Ørskog</b>						
<b>Fordelar</b>	<b>Fritid/omgjevnadar</b>	<b>Skule /oppvekst</b>	<b>Samferdsel/kommunikasjon</b>	<b>Bumulegheiter</b>	<b>Kultur</b>	<b>Offentlege tilbod</b>
	Varierte fritidstilbod  Kort avstand til naturen (Liafjellet, Fjorden, Lauparen)	Lite kriminalitet  Gode utdannings-/jobbmulegheiter	Gode kollektivtilbod	Gode byggemulegheiter	Mange offentlege arrangement	Kommunale tilbod får innbyggjarar til å treffast
	Trygg plass å bu	Alle kjenner alle	Kort avstand til jobb	Rimelege tomtar	Bra med aktivitet (hall, samfunnshus, gras bane)	God barnehagedekning
	Godt miljø	Kort veg til høgskule	Sentralt i regionen	Rimeleg kommune å bu i	Positivt med Bluesfest	God skule
	Har alt ein treng (det nødvendige) Idrettshall, kunstgrasbane, samf.hus, symjehall,	Lite rusmisbruk		«Mykje hus for pengane»	Fysiotrimmen, flott tilbod	

	bank, politi, butikkar					
	Kort veg til fasilitetar	Trygge oppvekstvilkår		Sentralt men landleg	Mange kulturtilbod (kino, bingo, bibliotek, frivillig arrangement etc.)	
	Nærleik til familie/venner					
	Gode mulegheiter for uteaktivitetar					

Korleis kan Ørskog bli meir attraktiv å bu og leve i?						
Omdømme	Sentrum/Omland	Samferdsel	Skule/oppvekst	Kultur	Integrering	Arbeid /bu
Ikkje vere redd for å gå i media når det skjer positive ting/ når ting fungerer	Gjere sentrum penare, så blir folk stolte og folk flyttar lettare hit	Meir stabilt busstilbod også i skuleferiane	Opprusting av skulen både med fysiske anlegg og innhald	Meir av aktivitet som Bluesfestivalen (Booste)	Få til fadderordning for tilflyttarar	Fleire tomter for utleigehus
Gje ungdomen grunn til å vere stolt av heimbygda	Få aktivitet i tomme butikklokale	«Kort ned» avstanden til Ålesund	Ny barnehage	Ta vare på dyrka mark og levande fjøs	Fruktkorg (frå ordførar) på trappa til nye innbyggjarar	Fleire attraktive tomter (i dag mange ledige men ikkje attraktive tomter)
Sats kreativt, våge å vere unik	Pengar til ein gartnar i sentrum	Sikre mjuke trafikantar	Nok barnehageplassar (som er ledige når folk flyttar til kommunen)	Fleire kinoførestillingar	Betre inkludering av minoritetsgrupper	Fleire jobbmulegheit (utvikle grynderkultur)
«De tusen tankers tårn»	Legge til rette for hyttetomter /rorbuer	Betre kollektivtilbod	Trygg oppvekst (og alderdom)	Symjehall med 25 meters bane	Aktiv inkludering av nye innbyggjarar	Tiltak for auka etablering av næringsverks emd
Innbyggjarar med omsorg for kvarandre	Skape møteplassar også på kveldstid (	Togsamband	Fleire leikeplassar			Ta vare på dyrka mark

						og levande fjøs
Betre marknadsføring (både innad og utad)	Fleire kafear/pubar		Fleire fritidstilbod			Skogrydde grøne tunellar
	Renovering i sentrum		Betre vidaregåande skule			
	Miljøgate gjennom sentrum, fleire gangveggar		Betre tilrettelegging for barnefamiljar			
	Mindre trafikk, spesielt sør for E39		100 % bhg dekning			
	Betre gangveggar		Billegare barnehage			
	Plan for sentrum		Opprusting av Sjøholt skule			
	Lys opp Brusdalen		Kulturtilbod for barn			
	Gjere sentrum penare, så blir folk stolte og folk flyttar lettare hit		Utvide stilling til jordmor (helseførebygging barn/unge)			
	Lage lysfest langs elvastien					

Oppsummering Ørskog					
Utfordringane	Fordelane		Tiltak		
<p>Fritid – lite attraktivt sentrum, få sosiale møteplassar og eit transparent miljø</p> <p>Skule/oppvekst- for få barnehageplassar, dårleg standar på skulebygg</p> <p>Samferdsel - dårleg og dyr kollektivtransport, dårleg tilrettelegging for mjuke trafikantar</p> <p>Arbeid/bustad- få arbeidsplassar, dårleg tilrettelagt for nyetablering og dårleg tilgang på sentrale bustadbustadtomtar</p> <p>Offentlege tilbod- manglar aktiv inkludering av nye innbyggjarar</p>	<p>Fritid- varierte tilbod, gode tilhøve for friluftaktivitetar</p> <p>Skule/oppvekst- trygge oppvekstvilkår, kort veg til høgskule,</p> <p>Sentralt i regionen</p> <p>Rimelege tomter, billeg å etablere seg</p> <p>Mange gode kulturtilbod</p>		<p>Satse på omdømmebygging</p> <p>Gjere sentrum meir attraktivt</p> <p>Betre kollektivtilbod</p> <p>Betre tilrettelegging for barnefamiljar, nok ledige barnehageplassar</p> <p>Satse på fleire kulturtilbod</p> <p>Fadderordning for tilflyttarar</p> <p>Fleire integreringstiltak</p>		



## Ålesund

### Utfordringar

Sentrum	Fritid/sosialt/kultur	Bustad	Infrastruktur	Diverse
Manglar kafear/restaurantar på søndagar	Dårleg kulturtilbod (burde vore konserttilbod heile året)	Høg bustadpris	Dårlege flyforbindelsar nordover	Rigide reguleringsplaner
Sentrum er tomt for menneske når butikkane er stengt	Manglar badeland	Dyrt å etablere seg	Reising /kollektivtilbod mellom kommunane	Høgskule er utanfor sentrum
Manglar små pubar /etestader	Manglar internasjonale samlingspunkt  (tidlegare var det intergrondsenter)	Dyrt å kjøpe /leige hus	Dårleg kollektivtilbod på ettermiddag (gjer at ein må ha to bilar)	Massiv utbygging av Moa
Bilistane er sjefane i sentrum (få einvegskøyrede gater)	Dårleg kinotilbod (dårlege fasilitetar både på Moa og i sentrum)		Dyr kollektivtransport (buss)	Manglar klar visjon for <u>ny</u> arkitektur i bysentrum
Ytre bydel bør snart prioriterast	Manglar symjehall i sentrum		Må ta ferje for å kome til nabokommune	Tydeleg kommunikasjon mot utflytte studentar
Dødt sentrum	Utdatert treningstilbod		Dårleg vegstandard	Karrieremulegheiter
Trafikk – flaskehals over Brosundet	Manglar informasjon om kulturtilbod i forkant		Få parkeringsplassar (soneparkering)	Små kommunar

				(lite samarbeid)
For mykje trafikk i sentrum	Manglar kulturhus i sentrum, badeland og bibliotek		Kollektivtilbod (bybane, kollektivfelt, rutetider)	Burde samla helseutdanningane i regionen
Dårlege sykkelvegar	Få organiserte aktivitetstilbod for barn		Manglar visjon for framtidig kollektivtrafikk	Dårleg kapasitet på legevakta
Få møtearenaer	Samle studentar og bygge opp kulturtilbod		Dårlege vegar, vedlikehald, brøyting, ferjefri E39	Lite studietilbod i Ålesund
	Dårleg uteliv		Manglar god nok universell utforming, (sykkel, rullestol, barnevogn i sentrum)	Gamle stygge skulebygg
	Lite mangfald, få store næringar		Dårlege sykkelvegar	
	Dårleg symjehall		Manglar bompengar, få fortgang, ikke skille Moa – sentrum	
	Gjennomsiktig og lite miljø		Tunnel under Brosundet	
	Dårlege og dyre kulturtilbod til barn		Parkeringshus i Aksla (ikkje inn/utkørsel i	

			sentrum	
			Inn- og utfart til byen frå alle regionane	
			Plan for byplanlegging – infrastruktur	
			Dårleg infrastruktur Moa-Aspøya	
			Sykkel og kollektiv manglar i alle retningar	
			Dårleg med parkering	
			Manglar tog	
			Dyrt å reise frå Ålesund	

<b>Ålesund</b>					
<b>Fordelar</b>	<b>Å bu/leve</b>	<b>Friluftsliv</b>	<b>Anna</b>	<b>Kommunikasjonar</b>	<b>Jobb/utdanning</b>
	Venner og slekt bur her (sosialt og gode nettverk)	Gode forhold for naturopplevingar. Nærleik til natur/fritidstilboda uansett kor ein bur	Positivt med AAFK/toppftball, senter på Sunnmøre	Vigra godt rutenett i forhold til størrelse	Gode tilhøve for å få jobb(betre enn først antatt)
	Billigare å etablere seg enn i storbyene	Gode forhold for ski/gå på fjell	Sunnmøringens lynne (væremåte)	Flyplass, tilbod til utlandet	Stort arkitektpotensiale Kan bli Norges penaste by
	Trygt (lite kriminalitet)	Klatremulegheiter	Friske, originale sunnmørspatriotar	Helsetilbod	Attraktive jobbmulegheiter
	Familie /trygge rammer for eigen familieetablering	Bra turmulegheiter sommar/vinter	Godt vareutval i regionen	Hurtigrute	Arbeidsmulegheiter for personar med høgare utdanning
	Vi føler oss velkommen (arbeid og privat)	Fine folk	Store kjøpesenter	«Stor» flyplass	Gode skulemulegheiter
	Sentrum i Ålesund (sjarmerande med nokre trendy innslag)	Mangfaldig kulturtilbod for unge/vaksne	God barnhagedekning	Flyplass i nærleiken	Klima (forholdsvis godt vær heile året)
	Historiske hus, smale fine gater	«Sunnmørsalpane» gjev gode forhold vintersport	Godt sjukehus	Direkteruter til København / Amsterdam	Flotte bydeler, mange sentrumsnære bustadar

<b>Korleis kan Ålesund bli bli meir attraktiv å bu og leve i?</b>					
	<b>Integrering</b>	<b>Bustad</b>	<b>Infrastruktur</b>	<b>Sentrum</b>	<b>Diverse</b>
	«Startpakke» for tilflyttarar, - (hus, skule, barnehage, barnehage, språkhjelp)	Fleire bustadar, større leigemarknad	Vekk med ferjene! (R)	Bygge ut Skutevika (flytte containerkaia)	Klarare kommunikasjon mot utflytta studentar om kva regionen kan tilby
	Legge til rette for møteplass for innvandrar (for å treffe andre innvandrar og for å møte lokale)	Bygge fleire bustadar	Komplisert å reise mellom kommunane (fleire buss/ferjeavgangar)	Ny vidaregåande skule på sørsida	Noko meir vellykka enn «verdens beste Sunnmøre» prosjektet
	Legge til rette for gode tilbod til flyktningar ved innflytting	Bygge fleire leilegheitskompleks (i sentrum) for litt «eldre» med god økonomi	Forbetre parkeringstilhøva/soneparkering for bebuarane i ytre bydel	Forbetre/bygge ny kino (R)	Slå saman alle seks kommunane til ein med 75 000 innbyggjarar
	Folk frå andre land bør inkluderast så tidleg som muleg (språk/samfunn)	Fleire tomftar til ein rimeleg pris	Utbetre og meir heilskapleg gang- og sykkelveggar	Bygge badeland i sentrum	Stopp Moa! Redd byen.
	Mindre personfokusering, meir på sak	Bygge fleire hybelhus til studentane	Tog til frå Ålesund (nordover og sørover)	Ny moderne kino i sentrum sør (legge ned Moa)	Legge til rette for meir forskning på felt utanom fisk og båt
	Meir fokus på		Bygge/utbetre vegnettet (K)	Få Latinskolen til sentrum	Campus for høgskulen i

	kunnskap/kompetanse				sentrum
	Mindre «cowboyverksemd»		Betre busstilbod, spesielt om kveldane og utanfor sentrum	Jobbe saman for statlege midlar (E39, storbymidlar)	Auke elevtal ved høgskulen
			Betre og billegare busstilbod for studentar	Kongens gate; Få liv med utestadar, arbeidsplassar, bustadar	Slå saman høgskulane
			Sykkelutleige/ sykkelparkering (sykle til Moa, parkere)	Fornye «bak fjellet»	Felles kanal for kulturtilbod (kalender)
			Betre sykkelveggar (K)	Ålesund kommune må vise meir vilje til å bli meir urban for å trekke tilbake studentar etter endt utdanning, før familieetablering  Urban; små butikkar, konserter, enkelt å starte opp bedrifter, etestadar (K)	Meir mangfald, fleire typar arbeidsplassar
			Aksla parkering (inn/ut Ysteneset)	Fikse Slinningsbua, pusse opp og bevare	
			Bybane på Europas tettast befolka øy =Aspøya	Behalde det vakre bysentrum, men utvikle	

				sjøsida	
			Bybane Aspøya-Nørvøy-Kvenneset-Ibeskolen?	Forbetre bysentrum – gågate	
			Tunell frå Sørneset til Kvenneset – selje tomtene som i dag er infrastruktur	Meir storby, mindre bygd	
			Bytunnelen	Meir levande by	
			Kjem; Møreaksen, Hafast, Hamsundsambandet, Nordøyvegen.  Vi må vere klar for vekst!	Skape ein grønnare by	
			Bygge fleire idrettsanlegg + badeland	Kommunale bustadar bør ikkje konsentrerast	
			Meir kultur, litteraturhus, moderne kunst etc.	Langevågsbåten <u>må</u> gå i helgane	

Oppsummering Ålesund					
	Ulemper	Fordelar	Korleis bli meir attraktiv		
	By-sentrum- dødt og lite attraktivt sentrum	Gode nettverk (familie/venner)	Integrering- startpakke for tilflyttarar, multikulturelle møteplassar etc.		
	Fritid/sosialt – manglar kulturtilbod gjennom heile året, manglar større mangfald	Føler seg velkomne (jobb og privat)	Bustad – legge til rette for meir bustadar i sentrum		
	Bustad – dyrt å etablere seg	Mange friluftsmulegheiter	Betre kollektivtilbod, spesielt i helg/ kveld og mellom kommunane		
	Infrastruktur- for dårleg og for lite koordinert	Nærleik til flyplass	Sentrum- utvikle og skape meir liv i sentrum		
	Gang- og sykkelstiar, rigide reguleringsplanar etc.	Attraktiv jobbmarknad	Større breidde i næringslivet		
			Slå saman kommunane		



<b>Studentar ved høgskulen i Ålesund</b>					
<b>Utfordringar</b>					
	<b>Kollektivtransport/ Logistikk</b>	<b>Fritid/ kultur</b>	<b>Etablering/bustad</b>	<b>Byen</b>	
	For dårleg kollektivtransport for dei utanfor området Sentrum - Moa	Opningstidene for treningssenter i helgane	Vanskeleg å etablere seg (hus, leilegheit)	Sykkelvegar, skiltinga er for dårleg av dei få som finst	
	Dårleg tilbod for avgangar innanriksfly	Ingen Ishall	Høge bustadprisar i sentrum	Dårleg trafikkavvikling i sentrum	
	Mykje trafikk-kork i sentrum	Ubrukeleg kino i byen		Problem med parkering både i sentrum og utanfor sentrum	
		Mangler info om friluftslivet lokalt	Lite utleigeleilegheiter, få studentbustadar	Dårleg med sykkelstiar	
